



[Nils Naasen i dag - i Facebook](#)

Nils Naasen, framifrå trekkspelar og musikalsk leiar for trekkspelklubben i Kvinnherad, er ein allsidig mann. I bladet Sunnhordland har dei ei spalte som

fortel hva dei skreiv om for 25 år sidan og for få dagar sidan sto det om tildelinga av ein novellepris til Naasen som i 1986 var 26 år gamal.

Det var Norsk Barneblad sin novellekonkurransse og uskedelingen fekk tredjepremien for novella 'Ein strid kar' som same haust vart trykt i antologien 'Folk flest trur ikkje på fuglar'.
Novella handla om korleis det var å vera dotter til sjølvaste nordavinden.

Forfattaren Ragnar Hovland, som var i juryen saman med Tor Åge Bringsværd og Tordis Foss, skreiv at novella var ei medrivande og spennande forteljning skriven i ei tradisjonell form.

Med element frå folkeeventyret omplassert til eit miljø som var aktuelt den gongen ga novella høve for lesarane til å kulse på ryggen.
Naasen meistrar forteljarkunsten og difor klarar han å halda lesarane fanga, held jHovland fram.

Av Ola Matti Mathisen